

# Trafikkplan for Kleppelunden skule

*Kleppelunden skule følgjer Trygg trafikk sine krav for ein trafikksikker skule og er forankra i mål frå læreplanen.*

*Målet med planen er å ivareta elevane på skulen når det gjeld ferdsel i trafikken – anten på veg til eller frå skulen – eller på turar i samband med undervisning. Planen gjeld alle elevar anten dei går, sykklar eller vert køyrt.*

## KORT OM KLEPPELUNDEN SKULE

Kleppelunden skule har 300 elevar og 45 tilsette.

Skulen ligg i Klepp sentrum og har stor parkeringsplass før dropzone og bom er plassert ved innkjørselen til skulen. Bom må åpnes av administrasjonen. Elevar kommer både fra Verdalen, Kleppeloen og Kleppevarden. Det er to underganger for å komme til Kleppelunden skule uten å krysse Solavegen, så ingen barn skal krysse hovedvegen for å komme til skulen. Vi har elevar som kjem frå Horpestad, dei med lengst skuleveg (og/eller særskilte behov) nyttar skyss i form av buss og taxi.

Langs dei mest trafikkerte vegane har kommunen sikra skulevegen med gang- og sykkelsti eller fortau.

På turar i regi av skulen går elevane anten til fots eller bruker eigen sykkel. Kollektiv transport som buss og tog vert nytta nokre gonger.

Trafikkplanen skal varta gjennomgått med FAU kvart skuleår.

## RETNINGSLINJER FOR LEVERING OG HENTING

### Elevar

Vi har rikeleg med parkeringsplassar for tilsette, føresette og besøkjande. Tilsette og føresette er informert om rutinane for parkering, levering og henting. I enden av parkeringsplassen har vi ei dropzone. Køyremønsteret og farar vert presentert for føresette på foreldremøte, samt minna om på skulen si heimeside.

Overgangen mellom skulens uteområde og trafikkareal er tydeleg og forsvarleg.

Framkomstveg og parkeringsplass er opplyst når det er mørkt og kommunen sørgjer for at området er tilfredsstillande moka og strødd på vinterstid. Kommunen klyppar hekkar og trea årleg for at det skal vere mogleg å få eit godt overblikk over alle som ferdest på parkeringsplassen.

Bussar som bringer elevar til og frå skulen har fast haldeplass.

## **Varetransport**

Mjølkebil, søppelbil og andre servicebilar har fått informasjon om når dei kan levere og hente varer. Dei er og kjende med kor dei kan parkere bilane. Mjølkebilen har til dømes avtalt leveringstid før matfriminutt torsdager.

## **RETNINGSLINJER FOR TURAR**

### **Generelle retningslinjer**

Trinnet/leiinga skal alltid ha beskjed i forkant av turar. Beskjeden skal innehalde kor turen går, kven som er med av elevar og vaksne, telefonnummer og tidspunkt for turen.

Det skal i hovudsak vere med to vaksne og dei kan ha med inntil 30 elevar totalt. Ved unntak skal det vere gjort ei grundig risikovurdering som seier noko anna før ein tek ut på tur.

Personalet skal fortrinnsvis vere kjent for elevane og dei skal vere godt synlege – til dømes med refleksvest. Dei vaksne fordeler ansvaret for elevane seg i mellom sjølv om alle vaksne skal sjå etter alle. Elevane vert talde så ofte det lar seg gjera.

Dei vaksne skal alltid ha med minst ein telefon, telefonliste og førstehjelpsutstyr. Før ein tek ut på tur skal elevane verte førebudde på turreglar og eventuelle faremoment.

Dersom skuledagen vert avslutta ved turdestinasjon, må dette vere avklart med foreldre på førehand. I desse tilfella tek heimen over det formelle ansvaret for eleven sin ferdsle heim.

### **Turar til fots**

Ein vaksen går heilt framme og ein går heilt bakarst, har refleksvest på seg. I dei tilfella det er gjort ei risikovurdering som konkluderer med at ein vaksen kan gå åleine med ei gruppe, skal den vaksne plassere seg på ein måte som gjer at han/ho kan halde oversikt over heile gruppa.

Elevane skal gå på venstre side av vegen og på fortau der dette er tilgjengeleg. Ved kryssing av veg skal vi alltid bruka gangfelt der det finnast.

Dei vaksne har vurdert sikkerheita på turen på førehand og tenkt gjennom kva som er den tryggaste ruta. Dei tilsette kan ta utgangspunkt i eigen instruks og/eller sjekkliste utarbeidd for turar med barneskuleelevar.

### **Turar på sykkel**

Alle elevar og vaksne skal nytte hjelm på sykkelturar i regi av skulen. Syklane må vere i forskriftsmessig stand.

Elevane sykklar på rekkje. Ein vaksen sykklar heilt framme og ein sykklar heilt bakarst. I dei tilfella det er gjort ei risikovurdering som konkluderer med at ein vaksen kan sykle åleine med ei gruppe, skal den vaksne plassere seg på ein måte som gjer at han/ho kan halde oversikt over heile gruppa.

Begge vaksne har med telefon for å kunne varsle dersom det oppstår ein situasjon. Dei vaksne tek med sykkelpumpe og sykkelverktøy.

Vi triller syklane over alle gangfelt og kjenner til at dei skal oppføre seg som køyrande som overheld trafikkreglane. Elevane held avstand til sykkelen framføre og syklar ut i grøfta dersom dei får problem av teknisk art og venter på siste vaksne.

Dei vaksne har vurdert sikkerheita på turen på førehand og tenkt gjennom kva som er den tryggaste ruta.

### **Turar med buss og tog**

Ved bestilling av transport vert det sjekka at dei har tilfredsstillande sikkerheitsutstyr tilpassa våre elevar. Alle elevane skal nytte belte. Ingen elevar under 140 cm sit framfor ei kollisjonspute og det sit aldri fleire elevar i same belte. Rutinar for trygg transport er gått gjennom og er kjent av alle på førehand. Dei vaksne har ansvaret for at belte vert nytta og at elevar går av/på buss og tog i ordna flokk. Dei vaksne tel elevane for å sikre at alle er gått av/på.

### **Turar med privatbil**

Skulen nyttar privatbilar til turar i svært liten grad. Turar i privatbil skal drøftast og avklarast på førehand og samtykke frå føresette må liggje føre. Alle elevar nyttar godkjent sikkerheitsutstyr tilpassa dei sjølve. Ingen elevar under 140 cm sit framfor ei kollisjonspute og det sit aldri fleire elevar i same belte. Rutinar for trygg transport er gått gjennom og er kjent av alle på førehand. Det er dei vaksne som har ansvaret for at belte vert nytta.

### **Ulykker på tur**

Ved alvorlege ulykker ringer vi 113 og skulen sin administrasjon. Administrasjonen varslar pårørande i samsvar med kriseplanen til skulen. Dei vaksne varetek elevane sin sikkerheit og tryggjar ulukkesstaden.

Med mindre alvorlege uhell og lukker varslar vi administrasjonen og føresette som saman vurderer vidare tiltak. I etterkant fyller dei vaksne ut skademeldingsskjema (NAV 13-10.01) som skulekonsulenten sender vidare og varslar forsikringsselskapet om.

Føresette skal varslast ved alle uhell.

## ROS-analysar

Ved turar som skulen gjennomfører regelmessig vert det utarbeida ROS-analysar.

Døme: sykkeltur til vatn

## RISIKOANALYSE

Område:	Dato:	Utført av:
---------	-------	------------

<b>Sannsynlegheit:</b> 1 = Kan skje 2 = Har nesten skjedd 3 = Har skjedd 4 = Har skjedd fleire gonger	<b>Konsekvens:</b> 1 = Ingen 2 = Liten (Lite skade på menneske eller utstyr) 3 = Middels (Skade på menneske eller utstyr) 4 = Stor (Alvorleg skade, død eller varig men)
---	--

<b>Uønska hending/mogleg hending</b>	Ein elev fell av sykkelen
<b>Årsak</b>	Uoppmerksom, feil på sykkel, andre som sykklar forbi, stein eller hol i vegen
<b>Konsekvens av ulukke/fare/belastning/sjukdom</b>	Brudd, skrubbsår, bryte turen, ødelagt sykkel
<b>Sannsynlegheit</b>	3
<b>Konsekvens</b>	3
<b>Tiltak for å redusere sannsynlegheit eller konsekvens:</b>	Halde avstand, bruke hjelm, sjekk av sykklar før avreise, avtale med nokre andre vaksne som kan rykke ut ved ulukker

<b>Uønska hending/mogleg hending</b>	Elev fell i vatnet og druknar
<b>Årsak</b>	Uoppmerksom, vaksne som ikkje følger med
<b>Konsekvens av ulukke/fare/belastning/sjukdom</b>	Død eller alvorleg skade
<b>Sannsynlegheit</b>	1
<b>Konsekvens</b>	4
<b>Tiltak for å redusere sannsynlegheit eller konsekvens:</b>	Gode teljerutinar. Elevane skal teljast kvart 5. minutt. Ein av dei vaksne har ansvaret for teljinga. Mindre elevgrupper. Enklare å telje 7 enn 20 elevar. Forsvarleg aktivitet. Elevar som ikkje kan symje nyttar redningsvest ved bryggje, kai eller svaberg. Det skal alltid vere vaksne med godkjent livredningskurs i basseng som deltek ved turar til vatn.

Døme: Risiko skulevegen

## RISIKOANALYSE

Område:	Dato:	Utført av:
---------	-------	------------

Sannsynlegheit: 1 = Kan skje 2 = Har nesten skjedd 3 = Har skjedd 4 = Har skjedd fleire gonger	Konsekvens: 1 = Ingen 2 = Liten (Lite skade på menneske eller utstyr) 3 = Middels (Skade på menneske eller utstyr) 4 = Stor (Alvorleg skade, død eller varig men)
--	---

<b>Uønska hending/mogleg hending</b>	Elev blir påkjørt i droppsone
<b>Årsak</b>	Uoppmerksom sjåfør, uoppmerksom elev, fall på sykkel
<b>Konsekvens av ulukke/fare/belastning/sjukdom</b>	Brudd, skrubbsår
<b>Sannsynlegheit</b>	1
<b>Konsekvens</b>	3
<b>Tiltak for å redusere sannsynlegheit eller konsekvens:</b>	Trafikkopplæring i klassane, trafikkikkerhet som tema på foreldremøter.

<b>Uønska hending/mogleg hending</b>	Elev blir påkjørt på skuleveg
<b>Årsak</b>	Uoppmerksom sjåfør, uoppmerksom elev, fall på sykkel
<b>Konsekvens av ulukke/fare/belastning/sjukdom</b>	Brudd, skrubbsår, død
<b>Sannsynlegheit</b>	1
<b>Konsekvens</b>	4
<b>Tiltak for å redusere sannsynlegheit eller konsekvens:</b>	Trafikkopplæring i klassane, trafikkikkerhet som tema på foreldremøter. Føresette som trafikkvakt ved fotgjengerfelt

## **SAMARBEID MED FORELDRE/FØRESETTE**

Kleppelunden skule skal leggje til rette for eit godt samarbeid med foreldre og føresette om elevane sitt læringsmiljø. Skulevegen, skulegarden og skulen sitt nærmiljø er ein del av læringsmiljøet.

### **Tema på foreldremøte ved skulestart**

- Skulevegen og gode haldningar i forhold til oppførsel langs vegen, parkeringsplassen og rundt skulen sitt område.
- Bruk av sykkelhjelm på skulevegen og på turar
- Rutinar på turar i skuletida
- Foreldre og vaksne som rollemodellar
- Opplysning om valfaget trafikk

## **FORANKRING**

### **Trygg trafikk**

Kleppelunden skule byggjer på Trygg trafikk sine krav for ein trafikksikker skule. Tradisjonar for og gode rutinar i arbeidet med trafikksikkerheit bidreg inn i arbeidet mot nullvisjonen.

#### Trafikksikkerheit i skulen

- Skulen gir, i samarbeid med FAU, anbefalingar til føresette om sykling til skulen
- Skulen har utarbeida rutinar for å vareta sikkerheita på turar til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i skulen sin regi
- Skulen har gode rutinar for at planane vert fylgt av dei tilsette.

#### Trafikkopplæring i skulen

- Skulen har integrert trafikkopplæring i lokal læreplan/årsplan i tråd med kunnskapsløftet sine kompetansemål.

#### Samarbeid skule og heim

- Skulen sin læreplan for trafikk er årleg tema på foreldremøte.
- Føresette vert involvert i skulen sitt arbeid for trafikksikkerheit, til dømes gjennom FAU.

*(<https://www.tryggetrafikk.no/opplaering/trafikksikker/kriterier/for-skolene/>)*

### **Læreplan og relevante kompetansemål**

Å lære å tenkje etisk, å kunne reflektere over etiske problemstillingar og å utvikle evna til å ta kloke val, står sentralt i trafikkopplæringa. Det overordna målet er at elevane utviklar god dømmekraft i alle situasjonar i trafikken.

Ein kan finne relevant trafikkfagleg innhald i læreplanar i fag som kroppsøving, samfunnsfag, KRLE, naturfag, matematikk, kunst og handverk og valfaget trafikk. Trygg trafikk har ei fin oversikt over faga sine relevante og sentrale verdiar, kjerneelement, tverrfaglege tema og kompetansemål. For heile oversikta kan ein sjå [her](#).